

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar
ref: 202317079
Vår ref: 2025/24591
Dato: 27.03.2025

Mattilsynet si uttale til høyringsfråsegn til melding om landstraum til Tampen-område - sak nr. 202317079

Vi viser til brev frå NVE, mottatt 29. januar 2025, med høyring av melding om landstraum til Tampen-område. Vi gir med dette vår uttale i saka.

Vår rolle

Mattilsynet er statleg sektorstyresmakt for områda planter, fisk, dyr, mat og drikkevatn. Som høyringsinstans har vi i oppgåve å bidra til at planar tek omsyn til nasjonale og regionale interesser innanfor våre forvaltingsområde. I denne saka uttaler vi oss om drikkevatn.

Mattilsynet si vurdering – oppsummert:

Mattilsynet meiner at alternativ 2 vil føre til ein uakseptabel forureiningsrisiko for Svelgsvatnet. Svelgsvatnet er reservevasskjelde til Svelgen vassverk.

De må kartlegge om det er private drikkevassforsyningar som kan verte negativt påverka, både i anleggsfasen og i driftsfasen. Dette gjeld for alle tre alternativa. Avbøtande tiltak må kome tydeleg fram, og om nødvendig må vassforsyningar erstattast.

Føringar på drikkevassområdet

Drikkevassforskrifta

Mattilsynet forvaltar drikkevassforskrifta (Forskrift om vannforsyning og drikkevann FOR-2016-12-22-1868). Forskrifta sitt føremål er å beskytte menneske si helse ved å stille

krav om sikker levering av tilstrekkelege mengder helsemessig trygt drikkevann som er klart og utan særskild lukt, smak og farge.

Når det gjeld vern av drikkevasskjelder viser vi til følgjande paragrafar:

«§ 4. Forurensing

Det er forbudt å forurense drikkevann. Forbudet omfatter alle aktiviteter, fra vanntilsigsområdet til tappepunktene, som medfører fare for at drikkevannet blir forurenset. Med aktiviteter menes også friluftsliv og annen utøvelse av allemannsretten. Der det er fastsatt beskyttelsestiltak etter § 12 eller restriksjoner etter § 26, gjelder forbudet brudd på disse.»

«§ 12. Beskyttelsestiltak

Vannverkseieren skal sikre at drikkevannet beskyttes mot forurensning. Vannverkseieren skal planlegge nødvendige tiltak for å beskytte vanntilsigsområdet og råvannskilden. Tiltakene skal være basert på farekartleggingen i § 6. Vannverkseieren skal gjennomføre aktuelle beskyttelsestiltak og informere berørte kommuner ved behov for tiltak som krever oppfølging etter § 26.»

«§ 26. Kommunens plikter

Kommunen skal i samsvar med folkehelseloven kapittel 2 ta drikkevannshensyn når den utarbeider arealdelen av kommuneplanen og reguleringsplaner, samt når den gir tillatelser etter relevant regelverk. Kommunen skal om nødvendig ta initiativ til interkommunalt plansamarbeid for å ivareta drikkevannshensynet der vannforsyningssystemet ligger i flere kommuner.

Drikkevassforskrifta stiller også strenge krav til leveringstryggleik.

«§ 9. Leveringssikkerhet, første ledd:

Vannverkseieren skal sikre at vannforsyningssystemet er utstyrt og dimensjonert samt har driftsplaner og beredskapsplaner for å kunne levere tilstrekkelige mengder drikkevann til enhver tid.»

Nasjonale mål for vatn og helse

Regjeringa vedtok [nasjonale mål for vann og helse med gjennomføringsplan \(regjeringen.no\)](https://www.regjeringen.no).

Hovudmålet er å sikre tilstrekkelege mengder reint drikkevann og tilfredsstillande sanitære forhold for alle.

Dei nasjonale måla har delmål som omhandlar vern av vasskjelder, leveringstryggleik og beredskap for drikkevann. Dei nasjonale måla er særleg basert på FNs berekraftsmål nr. 6 for å sikre berekraftig vassforvaltning og tilgang til trygt drikkevann.

I denne plansaka er følgjande mål særleg relevante:

Mål nr. 4 - Alle vassførekomstar med uttak av drikkevann skal vere beskytta mot forureining

Mål nr. 5 - Kommunal samfunnsplanlegging skal sikre innbyggjarane trygt drikkevann og drikkevassomsyn skal ivaretakast i arealplanlegginga

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027

Regjeringa legg kvart 4. år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje ei berekraftig utvikling i heile landet. Gjeldande nasjonale forventningar blei vedtatt i juni 2023.

I kapittel 6, «Samfunnssikkerhet og beredskap», er drikkevatn omtala i punkt 6.4: «Kommunene har ansvar for å sikre husholdningene og næringslivet tilgang på tilstrekkelige mengder helsemessig trygt drikkevann. Dette er en forutsetning for god helse og et velfungerende samfunn. Sikring av drikkevannskilder og areal til infrastruktur for vannforsyning og avløp, er derfor en viktig del av kommunale planer.

Vannforekomster som benyttes til vannforsyning må beskyttes mot forurensning med hensynssoner med tilhørende planbestemmelser. Dette kan også bidra til å redusere behovet for rensing ved produksjon av drikkevann.»

Vår vurdering

Alt. 2 frå Ålfoten transformatorstasjon, til landtak ved Merkingsneset/Djupvika

Mattilsynet meiner at dette alternativet vil vere i strid med krava i drikkevassforskrifta, nasjonale forventningar og nasjonale mål for vatn og helse. Det bør ikkje tillatast å bygge ei kraftlinje i vasstilsigområdet og over reservevasskjelda til Svelgen vassverk.

Svelgsvatnet er reservevasskjelde til Svelgen vassverk og er viktig for å sikre god leveringstryggleik i området. Det er same krav til vern av reservekjelder som til hovudkjelder med bakgrunn i at reserveløysingar alltid skal vere klare til bruk.

Råvassinntaket til Svelgen vassverk vert styrt av Elkem Bremanger. Det er automatisk forsyning frå Svelgsvatn dersom det vert svipt i forsyninga frå hovudkjeldene Hjelmevatn og Storebotn. Det er sett opp slik fordi Elkem Bremanger er heilt avhengig av nok kjølevatn til sine smelteomnar.

Trygg og stabil råvasskvalitet er avgjerande for sikre trygt drikkevatn. All aktivitet både i vasstilsigsområdet og ved/over vasskjelda, vil innebere ein fare for forureining. Ei kjemisk forureining let seg ikkje fjerne i vassbehandlingsanlegget, og kan føre til langvarige problem.

Drikkevassforsyning er kritisk infrastruktur og det vert stilt strenge krav til leveringstryggleik, og då særleg for dei største vassforsyningane. Svelgen vassverk forsyner over 1300 personar, dvs. om lag 40 % av innbyggjarane i kommunen. Geografi, lange avstandar og mengde vatn gjer at andre alternative løysingar er vanskeleg. Innrapporterte tal for Svelgen vassverk i 2024 syner at gjennomsnittleg døgnforbruk var 1 035 616 liter.

Felles vurdering for alle alternativa

Mattilsynet har ikkje oversikt over alle små, private vassforsyningssystem i dei aktuelle områda. Vi kjenner til at det er nokre bustadar og ei skytebane m/velferdshus på strekninga Ålfoten – Bortnen.

Det er viktig at de skaffar oversikt over alle små private vassforsyningar (inkl. enkeltvassforsyningar) som kan verte påverka i anleggsfasen og driftsfasen. Kvar vassforsyning må farevurderast og de må ta omsyn til både vasskjelde og leidningsnett.

De må ha konkrete skriftlege planar for avbøtande tiltak og for alternativ vassforsyning. Alle i området må vere sikra trygt og nok vatn, både på kort og lang sikt. Om det er fare for at vassforsyningar vert permanent negativt påverka, må desse vassforsyningane erstattast.

Med helsing

Tove Hamre
seniorinspektør

Bente Sande
avdelingssjef

Dokumentet er godkjent elektronisk / This document has been electronically approved

Kopi til:
STATSFORVALTAREN I VESTLAND